



**BREMANGER KOMMUNE**  
Sakspapir

**Styre, råd, utval**  
Formannskapet

**Behandlingsdato**  
27.08.2015

**Saksnr.**  
069/15

**Sakshands.**  
IH

<b>Avgjerd av:</b> <b>Saksansv.:</b> Inger Hilde	<b>Arkiv:</b> K2-S11, K3-&13	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/1236
---	---------------------------------	--------------------------------

**Sigdestad Kraftverk, fråsegn til konsesjonssøknaden**

**Dokumentliste:**

<b>Nr.</b>	<b>T.</b>	<b>Dok.dato</b>	<b>Avsender/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
1	I	07.05.2015	Noregs vassdrags- og energidirektorat	Høyringsbrev - Søknad om løyve til å byggje kraftverk
2	U	25.06.2015	NVE	Utsetting av høyringsfrist to kraftverkssaker, Sigdestad og Elde
3	I	07.07.2015	NVE	Småkraftsaker i Eid og Bremanger kommuner
4	I	09.07.2015	NVE	Utsetting av høyringsfrist to kraftverkssaker, Sigdestad og Elde.
6	I	04.08.2015	Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/ Idar Sagen	Søknader om løyve til å bygge fire kraftverk i Bremanger og Eid kommunar Jf. brev frå NVE 07.05.2015 (Sigdestad, Elde, Stårheim og Klovelva kraftverk)

**Vedlegg :**

Dok.nr            Tittel på vedlegg  
107311            Kraftutbyggjing, status.pdf

<https://bremanger.kommune.no/aktuelt/sigdestad-kraftverk.33078.aspx>

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1 Utbygging av Sigdestad kraftverk bør konsesjonshandsamast ut frå ei samla vurdering av fordelar og ulempar for miljø og samfunn, etter at konsekvensar og avbøtande tiltak for raudlista ål er revurderte jamfør kunnskap om utbreiing av arten i vassdraget.

2 Ved evt vedtak om konsesjon må avbøtande tiltak som omlaupsventil i kraftstasjon og tilretteleggjing for gyting for anadrom fisk vere konsesjonsvilkår, og avbøtande tiltak som kan minske verknader for raudlista arter og naturtypar likeeins.

3 Kommunen ynskjer detaljplan for landskap og miljø tilsend når denne ligg føre, for kommunen si handsaming av dispensasjon frå gjeldande arealplan, føremål landbruk-, natur- og friluftsområde

.....

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**

Vassressurslova, Energilova, naturmangfaldlova, Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging, Fylkestinget 11.12.12. OED sine retningslinjer for handsaming av konsesjonssaker for små vasskraftverk, vedtekne 2007.

### **Saka gjeld:**

Kommunen si fråsegn til søknad frå Norsk Grønnkraft (NKG) Utbygging AS om konsesjon for kraftutbygging i Storelva på Sigdestad i Ålfoten. Grunngeving for prosjektet er at det gjev samfunnsmessige fordelar som verdiskaping og inntekter til utbyggjar, grunneigarar, lokalsamfunnet og kommunen. Tiltaket vil bidra til styresmaktene sitt mål om auka produksjon av fornybar energi.

### **Saksopplysningar:**

Det har vore planar for utbygging av vassdraget tidlegare. Dette var større planar som inkluderte Dalsetevatnet og Setredalsvatnet, og som sorterte under Samla plan. Alle fagrapportar var negative til utbygging, i hovudsak grunna konsekvensar for vårmarksfauna. Det er difor seinare omsøkt og godkjent ei mindre omfattande utbygging av Setredalsvatnet/Heimste og Ytste Tverrelva (2010), og det er no lagt fram den aktuelle planen for utbygging av Storeelva i Ålfoten.

Storelva ligg mellom Sigdestad og Myklebust. Øvre del av råka strekning ligg i utmark, medan nedre del går gjennom innmark. Kraftverket vil ha ein effekt på 9,0 MW, og middel årsproduksjon 26,75 GWh. Det skal ikkje etablerast overføringar eller magasin. Utbyggingspris pr kWh er rekna til kr 2,10. Kraftverket skal nytte fallet mellom kote 10 og 125 moh, ei høgde på ca 142 m. Lengde på råka elvestrekning er 980 m. Demning ved inntak blir 20m lang og 2 til 4 m høg, og gjev ein vasspegel på 750m<sup>2</sup>. Tillaupsrør er 1,6m i diameter, og det må gravast/sprengast i 25 – 30m breidde for rørtrasè langs elva si sørside. Kraftstasjonen skal plasserast på kote 10 moh, det som er rekna som absolutt vandringshinder for anadrom fisk og ål. I kraftstasjonen skal det vere omlaupsventil for å

sikre vassføring nedstraums ved hurtig-/naudstopp av kraftverket, og det er krav til minstevassføring i elva.

Nedbørsfeltet til Storelva er ca 54 km<sup>2</sup>, og omfattar Myklebustdalen vestover til og med Langesjøvatnet. I nedbørsfeltet er det naturvernområde for myr (Pyttane), og fleire lokalitetar med viktige naturtypar, herunder slåttemark (Myklebustsetra), gammal boreal lauvskog (Dalsete og Gaupåsen), rikmyr (Grasdalen og Fessegrovene) og andre viktige forekomstar (Storemyra). Det er og mange punktforekomstar av artar av stor forvaltingsinteresse i området. Avstanden frå dei registrerte naturverdiane til det råka området for kraftutbygging er høvesvis stor.

Ecofact har utført utgreiing av biologisk mangfald, basert på eksisterande, tilgjengelege data og feltundersøking den 27.08.12. Det vart registrert tre naturtypar innanfor influensområdet; to fossesprøytoner med verdi C (lokalt viktige) og slåttemark verdi B (viktig). Det vart ikkje registrert raudlista artar ved synfaringa, men ein meiner at lokalitetane har potensiale for fleire slike, både flora og fauna. Nedre del av elva er viktig for anadrom strekning for aure, og kanskje og laks, og for ål. Dette er ein strekning på ca 370 m frå strandkanten.


På den råka elvestrekningen er det mange private brunnar. Ein reknar med at nokre av desse er avhengige av vassføringa i elva, som blir sterkt redusert etter utbygging. Flaumtilhøve blir venteleg nokså uendra.

Den reduserte vassføringa vil påverke dei registrerte fosseprøytonene, og kan gjere at råmekrevjande lav- og mosearter går ut. Det kan gjerast avbøtande tiltak i samband med planleggjing og bygging av kraftstasjon, for å minske inngrep i nedre lokalitet. Kraftstasjonen bør trekkjast ifrå elvekanten, slik at skogen blir teken vare på. Røyrsgata vil råke slåttemarkslokaliteten direkte, då trasèen går rett gjennom denne. Toppdekke på lokaliteten bør takast vare på og leggjast tilbake etter nedgraving av røyrsgate med minst mogeleg breidde på anleggstrasè. I anleggsområda generelt bør det etter anlegg avsluttast med toppdekke av mellomlagra avgravde massar som gror til og ikkje tilsåast med framande frøblandingar, eller gjødselast. Alt arbeid som kan gje tilslamming av elva må planleggjast og utførast slik at elva, særleg anadrom, nedre del, ikkje blir ureina.

### **Vurdering:**


I kommuneplan, arealdelen, er området ved Storelva på Sigdestad/Myklebust avsett til LNF-område – landbruks-, natur- og friluftsområde, der byggje- og anleggstilltak som ikkje har tilknytning til tradisjonell landbruksverksemd skal omsøkjast som dispensasjon frå planen. Kraftverksutbygging må difor omsøkjast som dispensasjon frå plan.

Det er utarbeidd ein fylksdelplan med tema vasskraftutbygging, som er vedteken i Fylkestinget 11.12.12. Dette er ein overordna plan for utbygging av mikro- og småkraftverk, som ikkje tek stilling til konkrete prosjekt, men som skal avdekke verdiar for natur- og miljø, og synleggjere dei positive verknadene av vasskraftutbygging. Planen omtalar delområde Davik – Nordfjordeid der Ålfoten inngår. Det er nemnt m.a. at gjenverande uregulerte fossefall bør kartleggjast med særleg vekt på fuktkevande mosar. Planen har kart som viser mogeleg utbygging av småkraft for indre deler av kommunen. Storelva syner ikkje her, sidan den tidlegare inngjekk i eit større vasskraftprosjekt innanfor Samla plan.



Det omsøkte tiltaket vil, sjølv om ikkje grunneigarane skal stå for utbygging, gje monaleg inntekter for fleire gardsbruk, og inntekter til kommunen, i tillegg til annan verdiskaping lokalt. Utbyggingskostnaden er høvesvis rimeleg. Tiltaket er eit viktig bidrag i høve næringsutvikling og busetnad. Det er viktig at vurderte avbøtande tiltak blir konsesjonskrav, for å minske uheldige konsekvensar for landskap og biologisk mangfald. Ein nemner at elvelaup og bekkar er raudlista naturtypar jfr Artsdatabanken.

Av konsesjonssøknaden framgår at det er lite sannsynleg at det er ål ovanfor kote 10. Det stemmer ikkje, då det er kjent at ål vandrar opp til Ålusa, der det forøvrig er friluftsliv med bading i hølen, som ligg på ca kote 100 moh. Konsekvensar og avbøtande tiltak for ål må difor vurderast på nytt i lys av dette.



Handsaming av sak om kraftutbyggjing i Storelva må gjerast ut frå ei samla vurdering av eksisterande og planlagd produksjon av fornybar energi i kommunen og regionen. Det er gjeve konsesjon for utbyggjing av fleire småkraftverk i kommunen, og det er planar for større vindkraftverk. Sumverknader må vektleggjast ved vurdering av konsekvensar av utbyggjing.

Det skal utarbeidast detaljplan for landskap og miljø etter at det er gjeve konsesjon. Kommunen ynskjer å få framlagt denne før NVE si godkjenning, sjølv om det ikkje skulle vere vesentlege avvik i høve det som kjem fram i konsesjonen. I detaljplanen vil framgå opplysningar som ikkje kjem fram i konsesjonshandsaminga, men som kan ha betydning i høve kommunen si handsaming av dispensasjonsspørsmålet.